



**PLAN FOR
INNSAMLING OG FORSKING
VED RYFYLKEMUSEET
(2008—2011)**

Vedtatt av styret 14.03.2008

Innhold

FORORD	2
SAMANDRAG	3
EKSTERNE FØRINGAR	5
Staten.....	5
Fylkeskommunen	6
Kommunane	6
Oppsummering av eksterne føringar	7
STARTAR IKKJE MED BLANKE ARK	9
INNSAMLINGS- OG FORSKINGSPLANEN FRÅ 1997 . 11	
Landbruk og bygdeliv	11
Strandstad og fjordkultur	12
Industri og kraftforsyning.....	14
Bygningshistorie.....	15
Folkemusikk.....	16
Handlingsprogram 1997-2000	16
Resultata av strevet	17
NYE UTFORDRINGAR	20
TILGJENGELEGE RESSURSAR	21
Personale	21
Driftsmidler	22
Bygningar	22
MÅL	23
Bygdautvikling	23
Den handlingsborne kunnskapen og bygningsvernet	24
Folkemusikk og dans	25
Industri og kraftforsyning.....	25
Bedehuskulturen.....	25
Servisenæringar med vekt på turisme	26
Det kulturelle mangfaldet.....	26
Kystkultur og fjordafart.....	27
Senter for barnekultur og –litteratur.....	27
RESULTATMÅL 2008-2011	29
Mål for innsamlingsarbeidet	30
Forsking	31
Implementering i handlingsprogram	32
KJELDER	33

Forord

Ein plan for innsamling og forskning ved eit museum handlar om grunnlaget for verksemda ved museet. Det er gjennom innsamling museet skaffar seg det materialet som kunnskapsformidling og opplevingar bygger på. Gjennom forskning blir det innsamla materialet bearbeidd og analysert ved bruk av vitenskaplege metodar, slik at utsegnskrafta til materialet blir prøvd i forhold til aktuelle problemstillingar. Forskinga skil eit museum frå ei samling.

Museumsreforma (jfr. St.meld nr. 22 (1999-2000) – Kjelder til kunnskap og oppleving (Abm-meldinga), og St.meld. nr. 48 (2002-2003) – Kulturpolitikk fram mot 2014, har som sitt hovudformål å legge til rette for ei fagleg kvalitetsreform. Det er eit mål for reforma at ”formidlingstiltak ved musea i form av utstillingar eller publikasjonar bør vera tufta på nyare forskingsresultat”. Kultur- og kyrkjedepartementet meiner vidare at ”det bør vera ei nær samheng mellom planane for innsamling, forskning og formidling ved eit museum”.

Dei prioriteringane som nedfeller seg i ein slik plan som dette vil såleis vera eit uttrykk for det grunnleggande formålet til museet, eller visjonen om ein vil.

I kortform har vi forsøkt å formulere visjonen slik (Handlingsprogram 2007-2010):

Ryfylkemuseet skal tilby kunnskap og opplevingar og skal bidra til ei positiv bygdeutvikling i Ryfylke.

Utsiktspunktet for Ryfylkemuseet er bygda. Vi vil gjerne bidra til å hente fram, vidareføre og spreie kunnskap om verdiar, interesser, livsformer og kunnskap som er knytte til livet i bygda. Men vi vil også vidareføre det opne, nysgjerrige og inkluderande perspektivet som har kjenneteikna dei mest livskraftige bygdene og tettstadene. Vi vil sjå bygda som ein del av verda og som ein deltakar i den globaliseringa som går føre seg, men vi vil og bidra til å peike på bygda som eit alternativ for dei som ønskjer eit anna liv enn det livet storbyar og tett folkesette område kan by på.

Desse ambisjonane må balanserast mot dei pliktene som er knytte til bevaring og bruk av eksisterande samlingar og dei føringane som følgjer løyvingane til drifta frå stat, fylkeskommune og kommunar. Nedanfor blir det gjort nærmare greie for føresetnadane for arbeidet med innsamling og forskning ved Ryfylkemuseet, før vi formulerer noen mål for konkrete aktivitetar dei nærmaste åra.

Samandrag

Planen gir eit oversyn over eksterne føringar, historiske føresetnadar, tidlegare planar og dei ressursane som står til rådvelde for innsamling og forskning ved museet.

Både ut frå eksterne føringar og interne behov er det viktig å drive eit planmessig innsamlings- og dokumentasjonsarbeid. Dette gjeld alle typar materiale.

Hovudmålet er å bygge opp samlingar som kan gi grunnlag for forskning, og såleis vera ei viktig kjelde til kunnskap om liv og verksemd i Ryfylke, og eit grunnlag for produksjon av kunnskaps- og opplevingstilbod ved museet.

Prioriterte oppgåver dei nærmaste åra er desse:

- **Orden på det vi alt har**
 - Få orden i og oversyn over eksisterande samlingar. Det er behov for ei ”indre konsolidering” av samlingane.
 - Revisjon og verdsetting av samlingane. Vurdering av muleg avhending.
 - Digitalisering og tilgjengeleggjering av samlingar.
- **Viga – frukt-, gards- og bygdehistorie**
 - Innsamling av supplerande inventar, tekstilar, utstyr og reiskap til miljøavdelingane, særleg i samband med arbeidet i Viga, men og knytt til andre avdelingar.
 - Vidareføring av samtidsdokumentasjonen av arbeid og levemåte i landbruket.
- **Bedehuskulturen**
 - Dokumentasjon av den religiøse kulturarven, med utgangspunkt i bedehuskulturen. Avhengig av ekstern finansiering.
- **Det kulturelle mangfaldet**
 - Vidareføre dokumentasjonen av møtet mellom innvandrarar og bygdefolk i Ryfylke. Stavanger 2008-prosjekt, men i tillegg avhengig av anna ekstern finansiering.
- **Den handlingsborne kunnskapen**
 - Vidareføre arbeidet med framhenting, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga. Prioriterte oppgåver er leirpuss og helletak.
- **Lokalhistorisk forskning**
 - Oppdragsforskning for Suldal kommune. Priori-

terte oppgaver er gards- og ættesoge for gamle Jelsa kommune, og kommunalhistorie for Suldal kommune.

➤ **Industrisamfunnet**

- Innsamling og formidling av materiale om industrisamfunnet. I Sauda og/eller Strand avhengig av finansiering og lokalt engasjement.

➤ **Tradisjonsmusikken**

- Dokumentasjon av song- og musikktradisjonar i kommunane.
- Dokumentasjon av arbeidet med revitalisering av springar og halling i Suldal.
- Gransking av formelsang med variasjon og improvisasjon knytt til fenomenet.

Eksterne føringar

Både staten, fylkeskommunen og kommunane legg føringar for oppgåvene til musea. Vi skal nedanfor sjå kva føringar Ryfylkemuseet må ta stilling til.

Staten

Styringssignala frå staten blir gitt gjennom utgreiingar, stortingsmeldingar, stortingsproposisjonar og tildelingsbrev, og i møte med representantar for Kulturdepartementet og ABM-utvikling.

I den siste kulturmeldinga, St.meld. nr. 48 (2002-2003) har departementet lista oppfølgjande ”særlege prioriteringar”:

- Kystkultur
- Industri og sørvisnæringar
- Økologi og miljøvern
- Handlingsboren kunnskap
- Den fleirkulturelle utfordringa

I statsbudsjetta for 2007 og 2008 er hovudmålet ”å legge til rette for at alle kan delta i og oppleve et mangfold av ulike kulturtilbud og kunstneriske uttrykk”. Det blir særleg understreka at regjeringa ”vil synleggjøre det flerkulturelle perspektivet på alle felter i kulturlivet og bidra til å skape betre møteplasser mellom majoritets- og minoritetskulturer”.

Utfordringane i forhold til det kulturelle mangfaldet er særleg understreka i den såkalla Mangfoldsmeldinga, St.meld. nr. 17 (2005-2006) som handlar om 2008 som markeringsår for kulturelt mangfald. I tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet for budsjettåret 2007 er mangfaldsåret spesielt omtala, og departementet ber om ”at Ryfylkemuseet i 2007 utformar planar for 2008 der det blir lagt stor vekt på å bidra til å oppfylle intensjonane med mangfaldsåret”.

Ryfylkemuseet er mellom dei musea som har lagt størst vekt på å ta inn over seg den fleirkulturelle utfordringa så langt, men det ligg sterke føringar om at dette arbeidet må få høg prioritet også framover.

I statsbudsjettet for 2008 omtalar departementet elles digitaliseringa, formidling til barn og unge, planar for samlingsforvaltning og sikring og kompetanseheving og organisasjonsutvikling som særlege utfordringar. Departementet peikar på at det er behov for ”en økt bevissthet” om innsamlings- og forskings-

oppgåver, for å utvikle planar for samlingane og for å sjå desse tettare integrert med formidlingsarbeidet.

Fylkeskommunen

Fylkeskommunen har føringar for fordeling av ansvar og oppgåver mellom regionmusea i Rogaland. I den museumsplanen som blei vedtatt av Fylkestinget i 1992 (under revisjon), er ansvaret for følgjande emne lagt til Ryfylkemuseet:

- Kulturlandskap/økologi
- Førindustrielt jordbrukssamfunn
- Stølsliv/utmark
- Skogbruk/sagbruk
- Fjordkultur/strandstad
- Veksthus
- Fjordfiske
- Elvefiske/innlandsfiske
- Havbruk/akvakultur
- Jordbruk/fiske
- Båtbygging
- Skipsbygging
- Kraftutbygging/vasskraft/kraftforsyning
- Smelteverk/industriestad
- Folkemusikk
- Reiseliv



Museumsplanen munnar såleis ut i ei liste over fordeling av ansvar for dokumentasjon av ulike sider ved arbeidslivet. Berre i avgrensa grad omfattar lista immateriell kultur (folkemusikk) eller sosiale forhold (Stavanger Museum er tillagt ansvar for byhistorie, borgarskapet sin kultur, arbeidarkultur og sosialhistorie). Gjennom vedtak er ansvaret for innsamling og bevaring av folkemusikk, -dans og song i Rogaland lagt til Ryfylkemuseet.

Kommunane

Med utgangspunkt i samlingane og dei interessene som er formulert frå kommunane er det også råd å setta opp eit temaliste for ytterlegare faglege engasjement, også denne i stor grad knytt til arbeidslivet:

- Forsand
 - Sand
 - Fiske
 - Bygdekunst
- Strand
 - Samferdsel
 - Industri

- Bedehus/lekmannsrørsle
- Båtbygging
- Reiseliv
- Hjelmeland
 - Frukt og bær
 - Handverk
- Suldal
 - Bygningsvern
 - Kraftutbygging
 - Utmark/skog
 - Skole
- Sauda
 - Industri
 - Kraftutbygging
 - Gruvedrift
 - Kulturlandskap
- Finnøy
 - Drivhus
 - Meieri
 - Bedehus
- Rennesøy
 - Kystkultur/fiskarbonden
 - Stein
 - Kvinneliv
- Kvitsøy
 - Hummar/fiske
 - Fyr
 - Krigsminne



Oppsummering av eksterne føringer

I personalseminaret hausten 2006 blei den aktuelle temamenyen for museet oppsummert slik:

- Byggeskikk og bygningsvern
- Den handlingsborne kunnskapen knytt til bygningsfaga
- Kulturlandskap
- Fjordfart, båt- og skipsbygging
- Strandstadsamfunn
- Vasskraftutnytting og industrisamfunn
- Industriutvikling
- Frukt- og bær dyrking
- Drivhusnæring
- Hummarfiske og anna kystnært fiske og fjordfiske
- Utmarksbruk (stølsliv, skogbruk/sagbruk)
- Song-, musikk- og dansetradisjonar
- Den religiøse kulturarven
- Steinbrot, sand- og pukkindustri
- Innvandring

- Turisme

Det blei samtidig peika på at vi så langt var svakast på arbeid med den religiøse kulturarven og den sjøretta aktiviteten.

Startar ikkje med blanke ark

Ryfylkemuseet blei etablert som regionmuseum frå 1. januar 1981 etter ei omgjerung av det tidlegare Rogaland Folkemuseum. Da hadde museet med seg i bagasjen over 50 hus som sto på rot i Suldal og Hjelmeland, og eit mindre arkiv med noe materiale knytt til desse husa og andre engasjement som Rogaland Folkemuseum hadde hatt sidan etableringa i 1936.

Straks museet var etablert som regionmuseum blei det sett i gang eit arbeid for å planlegge verksemda ved museet. I ein plan som blei vedtatt seinare same året blei desse oppgåvene prioriterte:

- Jordbruk, særleg dei sidene ved dette som er spesielt for Ryfylke, og i kombinasjon med skogbruk og fiske.
- Kraftutbygging og dei verknadane denne har hatt på livet i bygdene.
- Vidareføre funksjonen som det dominerande bygningsmuseet i fylket, og arbeide for ei avdeling for bygningskonservering.

I 1987 arbeidde museet fram ein plan «for eit samordna museumsstell i Ryfylke». Med eit slikt perspektiv var det klart at det ville vera behov for ei utviding både av den geografiske horisonten og det tidsperspektivet museet arbeidde i, ikkje minst fram mot vår eiga tid. Det blei særleg peika på at industristadene og strandstadene var svakt representerte i museumssamlingane i regionen, og at fjordkulturen heller ikkje avspegla seg i samlingane i særleg grad.

Planen gikk ikkje inn på konkrete forslag til nye tiltak, men var i staden ein invitasjon til kommunane om å fremje forslag om samarbeidsprosjekt som til saman kunne sikre eit representativt utval kulturminne og samlingar i regionen.

Innafor dei ressursane museet da rådde over, prioriterte planen vedlikehald av eksisterande bygningssamlingar, gjennomføring av systematiske fotoinnsamlingar i kommunane, innsamling til folkemusikkarkivet og innsamling av munnlege minne frå Sauda og Suldal.

Etter at arbeidet med omgjerung av Ryfylkemuseet til stiftelse var slutført i 1993 blei det behov for ny formulering av oppgåvene til museet. Desse blei i første omgang nedfelt i eit «Arbeidsprogram» som blei vedtatt av styret i 1995.

Her har museet på nytt forsøkt å ta utgangspunkt i dei priorite-

ringane som var gjort i kommunane, og planen fekk meir karakter av ei liste over behov for konsulenttenester enn ein plan for kva museet skulle ta vare på. Arbeidsprogrammet var meint å føre fram til samarbeid om nye personalressursar i museumsarbeidet, men dette lukkast ikkje.

Innsamlings- og forskingsplanen frå 1997

Med bakgrunn i dei oppgåvene som var knytt til eksisterande samlingar, og dei føringane som blei gitt i dokument frå staten og fylkeskommunen, utarbeidde museet i 1997 ein plan for innsamling og forskning som blei vedtatt av styret i møte 31.01.1997. Her blei oppgåvene forsøkt tematisert på ein måte som skulle ta vare på kontinuiteten i arbeidet til museet, samtidig som ein søkte å vera vaken for at innsamling av materiell kultur aleine ikkje ville skape eit tilstrekkeleg grunnlag for å møte dei behova samfunnet måtte få i framtida.

Landbruk og bygdeliv

Dei samlingane Ryfylkemuseet tok med seg frå Rogaland Folkemuseum var i stor grad knytte til landbruket. Det var bygningane på Viga, bygningar, inventar og reiskap på Kolbeinstveit, tilsvarande på husmannsplassen Røynevarden og ei rekke enkeltbygningar elles, særleg kvern- og tørkehus. Seinare gikk museet inn i eit samarbeid med Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd om vern av bygningane på Jonegarden, Hustveit, og tok i ferde med realisering av gamla planar om utbygging av museumsverksemda på Håland i Erfjord.

I Ryfylke elles var Tveit-tunet i Sauda og husmannsplassen Bakken på Rennesøy bygningar i museal eige, og det freda tunet Li i Suldal mellom dei viktige samlingane som dokumenterte landbruket. Ryfylkemuseet blei nå og da nemnt i diskusjonar om den framtidige forvaltinga både av Tveit-tunet og Li. Det var Rogaland Folkemuseum som i si tid tok initiativet til vernet av Li.

Ryfylke hadde altså ei stor og gild samling av bygningar knytte til det gamle bondesamfunnet, og det var ei formidabel oppgåve å halde ved like den delen av denne bygningsmassen som Ryfylkemuseet hadde ansvaret for. Det var såleis lite aktuelt å tenkje seg at innlemming av nye bygningar frå landbruket kunne prioriterast i innsamlingsplanen, sjølv om museet ikkje åtte ein einaste bygning frå 1900-talet og sjølv om ein mangla dokumentasjon av byggeskikken i dei kystnære stroka i Ryfylke.

Derimot var det eit stort behov for innsamling av anna materiale som kunne dokumentere arbeidslivet og levevilkåra på garden og plassen og i bygda elles. Det var såleis aktuelt å setta i verk målretta innsamlingsprosjekt for å belyse særskilte problemstil-

lingar. Slike prosjekt kunne ha karakter av supplement, dokumentasjon og ordning av eksisterande samlingar, t.d. på Kolbeinstveit og i Erfjord.

Mellom dei innsamlingsprosjekta som det var reist ønskje om at museet skulle delta i, var ei registrering og innsamling av gammalt draktmateriale frå Ryfylke. Det var lite slikt materiale i museet frå før, og det var ein mangel ved samlingane at tekstilar og kler var så dårleg representert. I samarbeid med Bunadsnemnda til Rogaland Ungdomslag og Bunad- og folkedraktrådet er det seinare gjennomført eit innsamlings- og registreringsprosjekt som m.a. har gitt grunnlag for rekonstruksjon av ei kvinnedrakt frå Ryfylke.

Heilt sidan starten hadde museet meint at utmarksbruket, særleg skogbruket og stølsbruket, burde vore viktige emne for innsamling og forskning, men ein hadde berre i liten grad greidd å gjera noe med det. Det har vore samla noe materiale om skogbruket, men det har ikkje vore systematisk og har heller ikkje halde fram. Museet har samarbeidd med bondekvinnelag om innsamling av materiale om kvinnearbeid, og vi har gjennomført eit arbeid med innsamling av stoff om sauehald og heieføring. I samarbeid med Foreninga Ryfylkeprodukt har vi gjennomført eit bygdeutviklingsprosjekt kalla ”Frå ide til næring”.

Veksthusnæringa er eit anna emne som museet såg at måtte vera eit viktig emne i Ryfylke. Det er i Ryfylke ein finn spisskompetansen i veksthusnæringa, og dette er ei næring som har ein dominerande posisjon i landbruket på øyane. Museet har gjennomført eit mindre innsamlings- og utstillingsprosjekt i lag med bygdemuseet på Finnøy.

I museumsplanen var det peika på at kulturlandskap/økologi burde vera eit prioritert emne for Ryfylkemuseet, og frå staten blei det etterlyst større engasjement i arbeidet med å integrere kulturhistorie og naturhistorie. Museet har vore engasjerte i slike tiltak i Viga og på Hustveit, og har desse to stadene høgt oppe på lista over museumsavdelingar som må utviklast vidare.

Det mest omfattande forskingsarbeidet som er gjennomført er knytt til arbeidet med bygdebøkene for Suldal. Ryfylkemuseet har sidan 1986 drive oppdragsforskning for Suldal kommune.

Strandstad og fjordkultur

Museet hadde to anlegg som hadde ei tilknytning til det ein kan kalla fjordkulturen. Det eine var Nesa-sjøhuset, hovudsetet til museet på Sand, det andre Viga-tunet i Hjelmeland.

I tilknytning til strandstadene fekk museet høve til å gjera ein del arbeid gjennom den bygdebokforskinga som museet har gjennomført for Suldal kommune, og det er samla ein del materiale til utstillinga om strandstaden i Nesasjøhuset, men dette er mangelfullt. Museet har t.d. ikkje hatt høve til å arbeide særleg verken med skipsbygging, fjordfart eller fjordfiske, som alle er prioriterte emne i museumsplanen for Rogaland.

Reiseliv og elvefiske er andre tema i museumsplanen som ein naturleg kan knyte til strandstaden, om enn ikkje berre det. Ryfylkemuseet har hatt ei utstilling om Archer-familien på Sand, og har mottatt ein del gjenstandar og ei fin fotosamling som gåver frå denne familien. Det blir arbeidd med å gjera fotosamlinga lettare tilgjengeleg.

Ein av ideane til museet har vore å bygge ut verksemda på Neset på Sand til eit fjordkultursenter. Denne tanken kom særleg opp etter at museet mottok tilbod om å overta både den gamle Hiim-saga, som blir nærmare omtala nedanfor, og jekta ”Brødrene af Sand”.



”Brødrene af Sand” var den siste av dei gamle Ryfylke-bygde jektene som framleis var flytande, og ho var eit av dei eldste, bevarte fartøy i landet. Museet såg det som eit både riktig og viktig tiltak å ta vare på dette fartøyet som ein del av Ryfylkemuseet, og peika på at ein da måtte sjå på tiltaket som ein del av dokumentasjonen både av fjordfarten og skipsbygginga. Ei overtaking måtte følgjast opp av ulike andre tiltak for å samle materiale om den aktiviteten fartøyet var meint å vera eit minne om. ”Brødrene af Sand” blei såleis ikkje sett på berre som eit bevaringsprosjekt, men også eit som dokumentasjons-, forskings- og formidlingsprosjekt tilliks med andre innsamlings- og bevaringsprosjekt.

Frå Kvitsøy blei Ryfylkemuseet invitert til å delta i utviklinga av eit hummarmuseum. Det blei ikkje reist noe krav om at museet skulle gå inn med eigar- eller driftsansvar i tiltaket, men det ville vera aktuelt å delta som rettleiar i ulike delar av prosjektet. I første omgang skulle arbeidet med eit hummarmuseum handle om innsamling av materiale til museet.

I Strand var Ryfylkemuseet invitert med i drøftingane om ei muleg bevaring av ein båtbyggerverkstad på Idse. Det var lenge uvisst om desse drøftingane ville føre til noe tilbod til museet, og kva vilkår som måtte komma til å følgje eit tilbod. Verkstaden var svært interessant ved at verktøy og utstyr langt på veg var komplett, og ved at dette var den einaste verkstaden i sitt slag som såg ut til å kunne komma under musealt vern.

Industri og kraftforsyning



Alt første driftsåret (1981) blei Ryfylkemuseet sterkt engasjert i bevaring av minne om den tidlege industrien i Ryfylke og kraftutbygginga. Omtrent på same tida starta engasjementet i bevaringa av Åbø-byen i Sauda, som m.a. førte fram til etableringa av Industriarbeidarmuseet i same bydelen, og dokumentasjonen av Ulla-Førre-anlegga, som var meint å føre fram til etablering av eit vasskraftmuseum i ei eller anna form.

I tilknytning til overtakinga av Håkonsgt. 51-53 i Sauda som Industriarbeidarmuseum blei det gjennomført både gjenstands-, foto- og intervjuinnsamlingar, og museet blei seinare engasjert i bevaringa av bedrifts- og foreiningsarkiva på smelteverket og kraftselskapet i Sauda. Men da første utstillingane var ferdige, var det ikkje ressursar til å følgje opp arbeidet, og ein kom etterkvart i den situasjonen at både lokalsamfunnet og museums- laget blei lite nøgde med det arbeidet museet gjorde i Sauda.

Det blei fleire gonger gjort forsøk på å etablere eit samarbeid mellom industristadmusea i Sauda, Odda og Rjukan for å fremje felles interesser, sist (1995/1996) eit forsøk på å utarbeide ein felles søknad om eit forskingsprosjekt kring ungdomskulturen på einssidige industristader, men det stranda på for store krav til eigeninnsats.

I Sauda gikk vi også inn i eit samarbeidstiltak for å ta vare på og formidle gruveverksemda i sink-gruvane i Allmannajuvet. Dette viste seg å bli eit populært publikumstiltak, men den vidare utviklinga av gruveområdet er nå gjort til eit nasjonalt turist-vegprosjekt der museet berre har marginale oppgåver.

Arbeidet mot Ulla-Førre-anlegga førte til at museet fekk ei samling av reiskap, utstyr og intervjumateriale frå anlegget. Vi gjorde også noen framstøyt for å sikre fotomaterialet frå anlegget, men dette har ikkje ført til noen praktiske resultat. Sjølv om det ikkje blei noe av det stort tenkte Norsk Vassdragsmuseum, låg framleis oppgåvene knytt til kraftutbygging og vasskraftforsyning fast. Dette var dessutan eit tema som vedrører fleire av kommunane i Ryfylke.

Museet hadde, på visse vilkår, sagt seg villig til å overta Hiim-saga på Sand. Denne blei reist som dampsga i 1896, og representerer både den lange sagbrukshistoria i Ryfylke, og den tidlege industrialiseringa på strandstadene.

I 1988 fekk museet gjennomført eit mindre dokumentasjonstiltak på stålverket på Jørpeland, og inviterte kommunen, industrien og fagforeiningane til samarbeid om ei vidareutvikling av eit samarbeid, men fekk ingen respons på invitasjonen. Vi har

seinare vore inviterte til samtalar om og synfaringar til mølleområdet på Tau, men heller ikkje dette har ført til konkrete museumstiltak.

Bygningshistorie

Ryfylkemuseet åtte på denne tida til saman 61 hus, mellom desse det eine av to bevarte mellomalderbygningar i Rogaland, og arbeidde i eit distrikt der det også elles var stor interesse for bevaring av gamle bygningar. Bygningane som museet åtte fordelte seg slik i forhold til miljø og funksjon:

	BUSTADHUS	UTHUS	ANNA	SUM
GARDAR	6	35		41
PLASSAR	3	4		7
STØLAR	3	3		6
STRANDSTAD		1	1	2
INDUSTRISTAD	1	1		2
ANNA			3	3
SUM	13	44	4	61

Museet hadde lukkast med å få i gang eit større prosjekt om bygningsvern i Ryfylke. Prosjektet var meint å gå fram til 1999. Målet var å etablere eit kompetansesenter for bygningsvern.



Bygningsvernprosjektet arbeidde med dokumentasjon, innsamling, utvikling av tekniske løysing og ulike formidlingstiltak. Etterkvart som prosjektet utvikla seg, kom det til å framstå som ein viktig del av verksemda til Ryfylkemuseet, og det blei klar at museet i større grad enn tidlegare måtte søke løysingar for å kunne integrerer dette arbeidet i si ordinære verksemd.

Museet såg det på denne tida slik at dersom det kunne lukkast i arbeidet med utvikling av eit kompetansesenter for bygningsvern, ville dette kunne bli ein del av verksemda ved museet som hadde eit større nedslagsfelt enn Ryfylke-regionen.

Det låg føre to konkrete tilbod om å tilføre museet nye bygningar til bygningssamlinga. Det eine var eit bedehus i Strand, det andre eit bustadhus i Sauda.

Bedehuset i Strand kunne vera bygt så tidleg som i 1837. Det blei rive i 1898/99, flytta og seinare brukt som gardshus. Det blei m.a. ombygt i 1954. Tanken var å flytte huset tilbake til Tau, og gjennomføre ei restaurering av det. Ryfylkemuseet blei tilbode både eigar- og driftsansvaret for huset. Eit engasjement i bedehuset, burde også omfatte eit engasjement i innsamling av materiale om bedehuskulturen i Ryfylke. Dette var inga unaturleg oppgåve for Ryfylkemuseet, og det var ei oppgåve

som ville gå godt i hop med arbeidet ved folkemusikkarkivet, men hadde tidlegare ikkje vore nemnt som noen prioritert oppgåve, verken i museet sine egne planar eller i museumsplanen for Rogaland.

I Hellandsbygd i Sauda blei museet tilbode eigedomen «Knutatre» med bustadhus og uthus bygt i 1927. Huset var ei tidleg utgåve av funksjonærbustad for tilsette på kraftstasjonen i Hellandsbygd, og hadde såleis klar tilknytning til kraftforsyninga, men var i tillegg måla innvendig av telemarkingens Knut Hovden, og var såleis også eit minne om den nyare rosemålinga i Ryfylke. Det hørte inventar til huset, m.a. fleire rosemåla møblar. Museet såg det slik at ei eventuell innlemming av Knutatre i samlingane burde omfatte eit sterkare engasjement i innsamling og gransking av rosemålinga i Ryfylke.

Folkemusikk



Ryfylkemuseet tok tidleg opp eit engasjement for innsamling av materiale om song, spel og dans frå heile Rogaland, og var godt i gang med oppbygging av eit folkemusikkarkiv da planen blei skriven.

Ein god del av det innsamla materialet er blitt registrert og katalogisert, og store deler av materialet er bearbeidd for ulike formidlingsprosjekt. Innsamla kunnskap er formidla gjennom artiklar, bok- og cd-prosjekt, foredrag, kåseri, radio- og tv-program, dessutan gjennom direkte undervisning/kurs.

Handlingsprogram 1997-2000

I innsamlings- og forskingsplanen frå 1997 blei hovudmålet for perioden formulert slik:

Ryfylkemuseet vil i handlingsplanperioden 1997—2000 prioritere dokumentasjon, innsamling og forskning som aukar kunnskapen om eksisterande samlingar, eller som kan skje ved hjelp av sekundærmateriale (papir, film og lydband).

Det var to av dei omtala tiltaka som alt hadde fått tilsegn om midlar. Det var bygningsvernprosjektet og arbeidet med utvikling av den frukthistoriske hagen i Viga.

Bygningsvernprosjektet var eit prosjekt som alt var i gang, og som museet hadde store forventningar til at skulle føre til varige resultat. Det omfatta heile Ryfylke, og det handla om kjerneobjekt i samlingane til museet og i kulturarven til Ryfylke-regionen.

Hjelmeland kommune hadde stilt midlar til rådvelde for eit forprosjekt om formidling av fruktdyrkinga i Viga. Dette var også eit tema som hadde regional interesse, det var eit prosjekt som integrerte naturhistoria i arbeidet til museet, og delar av det ville vera eit prosjekt for samtidsdokumentasjon. Hovudprosjektet var likevel ikkje finansiert, og ein del av arbeidet ville vera å søke ytterlegare ekstern finansiering av prosjektet.

På Håland i Erfjord var museet i ferd med å realisere gamle planar om eit kulturtun. Her låg forholda godt til rette for fokusering på storgardshistoria i Ryfylke. For å skaffe grunnlag for formidling av kunnskap om denne delen av kulturhistoria var det behov for innsamlings- og forskingstiltak, men ikkje for innsamling av gjenstandar.

Ut frå drøftingane i planen såg museet for seg følgjande prioriterte oppgåver i perioden 1997—2000:

- Innsamling og gransking av materiale om fruktdyrkinga i Ryfylke som grunnlag for nye formidlingstiltak i Vigatunet (1997—1998).
- Dokumentasjon og gransking av bygningsmassen til Ryfylkemuseet i lys av resultatane frå bygningsvernprosjektet (1998—1999).
- Innsamling og gransking av materiale om storgardskulturen i Ryfylke som grunnlag for nye formidlingstiltak på Håland (1999-2000).
- Innsamling av folkemusikk med særleg vekt på Sokndal og Øvre Suldal.

Under gjennomgangen av planen i styremøte 31. januar 1997 kom det fram følgjande merknadar som blei innarbeidde i planen:

- Bedehuskulturen burde vore ei naturleg oppgåve for museet å arbeide med.
- Museet burde i større grad burde prioritere arbeidet med kystkulturen.
- Smelteverksindustrien og kraftforsyninga bør vera eit viktig arbeidsområde.

Resultata av strevet

Innsamlings- og forskingsplanen frå 1997 la viktige føringar for arbeidet, og blei i stor grad følgt opp.

Prosjektet byggningsvern i Ryfylke blei ei av dei mest suksessrike prosjekta i historia til Ryfylkemuseet. Prosjektfasen blei strekt



like fram til 2001, og i 2002 lukkast museet med å få midlar frå Kultur- og kyrkjedepartementet til å opprette fast stilling for antikvar for å vidareføre prosjektet som eit permanent tiltak ved museet. I 2001 fekk museet diplom frå Statens kulturminneråd for resultatene av prosjektet, og i 2004 blei museet peika ut som hovudansvarleg museum i eit nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskunnskap på museum (Byggnettverket).

Arbeidet med vidare utvikling av det frukthistoriske engasjementet var lenge hemma av mangel på høveleg areal. Dette problemet blei likevel løyst i 2003 ved at det blei skriven avtale om leige av tilleggsjord i Viga. Samtidig gjorde Hjelmeland kommune vedtak om å støtte tiltaket økonomisk. Dette løyste ut tilskott også frå Ryfylkefondet. Arbeidet med innsamling og utplanting av fruktmateriale kunne såleis ta til i 2004. I mellomtida blei det gjennomført ein dokumentasjon av produksjonsåret ved to frukt- og bærbruk i Hjelmeland, og det ligg føre materiale for produksjon av bilde- eller nettprogram om frukt- og bær dyrking. Det er eit mål å setta dette materialet inn i ein samanheng som formidlar kunnskap om Ryfylke-jordbruket som livsform.

I tilknytning til primærnæringane blei prosjektet "Sau og geit" avslutta i 1998 med utgiving av boka "Geit og støl".

Arbeidet med restaurering og innreiing av storgarden Håland i Erfjord blei avslutta i 2002.

Arbeidet med bygdebøkene for Erfjord blei avslutta i 2004. Bygdebokarbeidet etterlet seg eit omfattande materiale i tillegg til det som blir publisert. Dette kan gi bidrag til andre forskings- og formidlingsoppgåver enn bygdebøkene. Så langt har bygdeboksamarbeidet med Suldal kommune ført til publisering av over 4.000 sider med lokalhistorie.

Innsamling av folkemusikk har halde fram i samsvar med planen. Feltarbeid som blir drive parallelt med gransking av arkivmateriale gir stadig ny kunnskap om song-, spel- og dansetradisjonane i Rogaland. Nytt feltarbeid blir styrt av ønskje om meir kunnskap. Denne kunnskapen kjem i neste omgang formidlingsarbeidet til gode. I noen prosjekt er feltarbeid og formidlingsarbeid blitt kopla saman, som t.d. i Strand, der eit innsamlingsarbeid i 2006 førte til utgiving av bok med CD.

Arbeidet med kystkulturen har vore knytt til restaurering og drift av Ryfylke-jekta "Brødrene af Sand". Ved sidan av den dokumentasjonen som gikk føre seg i tilknytning til restaureringa, er historia til jekta også dokumentert under arbeidet med bygdebøkene for Sand. Restaureringa var ferdig i 1999. Det er

behov for å følgje opp dette arbeidet med innsamling og gransking av materiale om fjordafarten.

Eit forsøk på å finansiere eit forskingsprosjekt om kraftutbygginga i Ryfylke lukkast ikkje, og det har heller ikkje vore råd å følgje opp verken dette emnet eller smelteverksindustrien på annan måte. Gjennom eit utgreiingsarbeid i Sauda i 2006 er det tatt steg for å drive eit meir planmessig arbeid der, og kommunestyret har følgd opp med auka løyvingar til museet. Dette gjer at utvegane til å komma vidare er langt betre enn dei har vore. Det blir arbeidd konkret for å verne kraftstasjonen i Sønde-nåhavn og ta han i bruk til museums- og arkivformål.

Arbeidet med bedehuskulturen blei indirekte tatt opp i eit dokumentasjonsprosjekt kalla "Islam i bedehusland" finansiert av ABM-utvikling og Kultur- og kyrkjedepartementet. Arbeidet med prosjektet kom i gang i 2004 og er ei oppfølging av tidlegare engasjement i forhold til den fleirkulturelle utfordringa. Inspirerte av temaet på Nordisk Museumsfestival i 1998-1999 gjennomførte vi eit dokumentasjonsprosjekt kalla "Den lange vegen", og med støtte frå det nasjonale dokumentasjonsprosjektet "Dokument 2000" gjennomførte vi i 2001-2002 eit prosjekt kalla "Den fleirkulturelle bygda". I 2006 kom det eit initiativ frå Finnøy som kan gi grunnlag for sterkare engasjement i kjernen av bedehuskulturen.

I 2007 er det i samarbeid med styret i bedehuset "Bethel" på Finnøy arbeidd fram planar for eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt om bedehuskulturen.

I samarbeid med Kvitsøy kommune og folk i Kvitsøy har vi deltatt i utviklinga av Kvitsøy Hummermuseum. Første delen av museet, "Frå teine til sølvfat", blei opna sommaren 2006. Andre delen, "Fiske året rundt", blei opna sommaren 2007 og handlar om andre delar av fis

I 1998 gjennomførte vi, etter oppdrag frå Ryfylke Vekst, ein dokumentasjon av mattradisjonar i Ryfylke. Prosjektet var ein del av eit fylkesomfattande tiltak. Materialet blei m.a. brukt i boka "Et" som kom ut i 2002.

Nye utfordringar

Satsingsområda til staten fell saman med det som er naturlege satsingsområde for Ryfylkemuseet og som vi alt har prioritert. Dei dekker også mange av dei føringane som ligg i museumsplanen til fylkeskommunen og ønskja frå kommunane.

Bygdene har i tillegg ein del påtrengande utfordringar knytt til dominerande utviklingstrekk som strukturendringar i næringslivet, endra behov for infrastruktur, utviklinga av marknadsøkonomien, globaliseringa, den teknologiske utviklinga og sentraliseringa i samfunnet. Skal museet lukkast i ei rolle som samfunnsinstitusjon må det bidra til å kaste lys over slike utviklingstrekk, og løfte fram bidrag til å handtere utfordringane.

Det er i kryssingspunktet mellom slike viktige utfordringar, tunge forvaltningsoppgåver og knappe ressursar at Ryfylkemuseet prøver å peike ut noen retningar for det vidare arbeidet med oppbygging av samlingar og produksjon av kunnskap.

Tilgjengelege ressursar

Den viktigaste ressursen i arbeidet med innsamling og forskning er den personalressursen museet rår over. Men utvegen til å gjennomføre tiltak vil også vera avhengig av tilgjengelege driftsmidlar og bygningar til å oppbevare innsamla materiale på ein tilfredsstillande måte. Bevaring av bygningar vil vera avhengig av tilstrekkeleg kapasitet til å drive pleie og vedlikehald av desse.

Personale

Ryfylkemuseet vil i 2008 ha 8 faste stillingar. Mellom desse har følgjande eit særleg ansvar for å delta i arbeidet med innsamling og forskning ved museet:

- **Roy Høibo**, direktør, mag. art. i etnologi
- **Trygve Brandal**, førstekonservator med ansvar for samlingane (80%), cand. philol. med hovudfag i historie
- **Ruth Anne Moen**, konservator folkemusikkarkivet, hovudfag i musikkpedagogikk
- **Grete Holmboe**, antikvar med ansvar for bygningsavdelinga, diplomeksamen BKHS
- **Kjell Johnsen**, museumshandverkar, fagbrev tømrrar + tilleggsutdanning i bygningsvern
- **Sven Hoftun**, museumshandverkar, fagbrev snikkar + teknisk fagskole

Dei andre med fast tilsetjing kan også ha oppgåver knytt til dette arbeidsområdet. Desse er:

- **Sanja Ignjatic**, kontorleiar, cand. mag., jurist
- **Åshild Marie Øverland**, formidlar, cand. polit med hovudfag i historie (første halvår 2008 i fødselspermisjon, vikar er **Bård Kleppe**, mastergrad i kulturvitskap)

Den ordinære arbeidstida som det har vore muleg å setta av til innsamling og forskning har likevel vore så pass avgrensa, at det vesentlege av slikt arbeid som har vore gjort hittil, er gjennomført gjennom oppdrag og ved hjelp av omframme løyvingar til museet.

I 2008 har museet ein heil og ein deltid stillingar som utfører slikt arbeid:

- **Ernst Berge Drange**, førstekonservator og bygdebokskriver, mag.art. i etnolog
- **Bernd Elmies**, konsulent knytt til arbeidet med sam-

lingane (20%) og prosjektet "Kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging i bygningsvernet" (60%)

Driftsmidler

Driftsmidlane til museet, utanom personalkostnadane, utgjer i 2008 ca. 2,8 mill. kr. Dei midlane vi har til dekning av driftsutgifter har auka siste året. Ein stor del av driftsmidlane går alt til innsamling og bevaring av materiale (husleige, straum, forsikringar, vask, materialar, dokumentasjon), men det kan vera rom for å styrke dette arbeidet nå. Disponeringa av midlane må likevel balanserast mellom innsamling, bevaring og formidling.

Større innsamlings- og dokumentasjonsprosjekt vil krevje omframme løyvingar.

Bygningar

Museet har brannsikkert og klimakontrollert arkivrom i Nesasjøhuset. Her blir arkivmateriale, fotomateriale og lydband oppbevart. Plassen her er langt på veg fullt utnyttat.

Museet har rom i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy til magasinering av gjenstandsmateriale. Her er truleg noe ledig plass, men det materialet som er flytta hit er ennå ikkje ordna, så det er uråd å seia kor mye plass som er til rådvelde til nye samlingar.

Museet har nybygg under oppføring på Sand. Nybygget vil vera innflyttingsklart hausten 2008. Det vil gi ei kraftig betring både av arbeids- og oppbevaringsforholda på museet.

Mål

I handlingsprogrammet for museet (2007-2010) er hovudmålet for museet som samfunnsminne formulert slik:

Ryfylkemuseet skal vera ei kjelde til kunnskap om liv og verksemd i Ryfylke. På enkelte område vil arbeidet, i samsvar med nasjonale og fylkesomfattande planar for fordeling av ansvar og oppgåver, strekke seg ut over regionen.

På vegen mot formulering av resultatmål vil vi legge følgjande føresetnadar til grunn:

- Ta utgangspunkt i dei samlingane vi har
- Vidareføre det vi er gode på
- Følgje opp styringssignal frå staten
- Lytte til kommunane

Ut frå dette vil utgangspunktet for innsamlings- og forskingsarbeidet dei nærmaste åra vera desse hovudtema:

- Bygdeutvikling
- Den handlingsborne kunnskapen og bygningsvernet
- Folkemusikk og dans
- Industri og kraftforsyning
- Bedehuskulturen (den religiøse kulturarven)
- Kulturlandskapet
- Servisenæringar med særleg vekt på turisme
- Det kulturelle mangfaldet
- Kystkultur og fjordafart

Vi gjer nedanfor nærmare greie for kva vi legg i desse stikkorda.

Bygdautvikling

Museet har ei sterk plikt til å dokumentere sider ved det livet som er knytt til primærnæringane, og identifisere og formidle verdiar knytt til matproduksjon som livsform.

Vi har alt starta eit arbeid med dokumentasjon av **frukt- og bær dyrking**. Dette bør følgjast opp. Det er behov for å supplere innsamlinga av frukt- og bærslag, innsamlinga av reiskap nytta i frukt- og bær dyrkinga og materiale om den livsforma som er knytt til frukt- og bærproduksjonen. Det siste ønskjer vi å utvide til ein breiare dokumentasjon av matproduksjon og levemåten på aktive gardsbruk i Ryfylke.



Det er også behov for ei supplerande innsamling av **landbruksreiskap**. Ikkje for å bygge om noen allmenn samling av landbruksreiskap, men for å utfylle eksisterande samlingar slik at vi kan vise dei reiskapane som har vore brukte på gardsanlegga som hører til museet.

Vi har lenge ønskt å komma i gang med dokumentasjon av **drivhusnæringa**, men har ikkje lukkast med å få noen respons på dette. Vi tykkjer framleis dette er ei viktig næring i Ryfylke, men ser ikkje at denne kan prioriterast dei første åra.

Museet driv eit stort **lokalhistorisk forskingsprosjekt** på oppdrag frå Suldal kommune. Dei nærmaste åra er det gards- og ættesoga til gamle Jelsa kommune som skal skrivast. Det er også ein dialog i gang om skriving av ei allmenn bygdehistorie for perioden 1964-2014.

Den handlingsborne kunnskapen og bygningsvernet

Ryfylkemuseet er eit relativt stort bygningsmuseum. Med den ressurstilgangen som er realistisk er det ikkje aktuelt å arbeide aktivt for å innlemme nye bygningar i museet, men det er ei høgt prioritert oppgåve å **betre dokumentasjonen av dei bygningane museet** har ansvar for. Dette vil omfatte ulike former for innsamling av materiale om bygningane og arkivering av dette.

For å kunne oppfylle måla om å drive truverdig opplevings- og kunnskapsformidling i tilknytning til bygningssamlingane våre er det behov for supplerande innsamling av **inventar og utstyr, og tekstilar inklusive gangklede**, særleg av slikt slag som er knytt til kvinneverda.

Ryfylkemuseet har utvikla høg kompetanse på arbeidet med dokumentasjon, atterreising og vidareføring av **handlingsbore kunnskap** innafor byggfaga. Dette arbeidet må halde fram.

I tilknytning til arbeidet med tre som byggemateriale er det aktuelt å dokumentere **skog- og sagbruk**. Museet har gjort noen forsiktige framstøyt mot dette arbeidsområdet, men det er behov for meir systematisk dokumentasjonsarbeid.

Det er ei veksande interesse for å verne, pleie, forstå og formidle **kulturlandskapet**. Ryfylkemuseet har ei særleg utfordring i forhold til dette ettersom dei aller fleste av bygningane til museet står på sine opphavelge tufter. Det ligg særleg godt til rette for kunnskapsoppbygging og formidling av eit tradisjonelt kulturlandskap på Hustveit. Dette må omfatte ei aktualisering i

forhold til diskursen om natur og miljø.

Folkemusikk og dans

Ryfylkemuseet er tillagt oppgåva med å bygge opp eit folkemusikkarkiv for Rogaland. Arbeidet med dette skjer ut i frå ei tett kopling mellom innsamling, forskning og formidling.

Planlegging av nye feltarbeid skjer ut i frå følgjande kriterium:

- Finne fram til meir stoff frå område vi veit lite om
- Skaffe til vegar meir kunnskap om folkemusikken og –dansen i Rogaland, utfylle heilskapsbildet – nytt innsamla stoff blir bearbeidd og sett i forhold til stoff i arkivet
- Den religiøse kulturarven
- Stoff til bruk i formidlingsprosjekt – gjerne innafør Den kulturelle skulesekken
- Bearbeiding og innlæring av stoff til formidling
- Stoff til eigne forskingsprosjekt:
 - o Intervjustoff knytt til springar og halling
 - o Barnesullar og småstubbar frå heile fylket, som grunnlag for forskning på ”formelsang” med variasjon og improvisasjon knytt til dette fenomenet

Industri og kraftforsyning

Det er få stader i landet det blir produsert så mye elektrisk kraft som i Ryfylke. Ryfylke har heller ikkje ubetydeleg industriverksemnd. Dei to viktigaste industristadene er Sauda og Jørpeland. Ryfylkemuseet kom tidleg i gang med dokumentasjon av vasskraftutbygginga, og har lenge vore engasjert i dokumentasjon og formidling av industrihistoria i Sauda.



I Sauda skjer det nå ei vitalisering av interessa for **industrihistoria**. Museet har vore aktivt i arbeidet med å definere mål og prioriteringar i arbeidet med å dokumentere og formidle denne historia, særleg knytt til bevaring av Søndenaåhavns kraftstasjon.

Det er i tillegg peika på at **sand- og steinindustrien** har eit stort omfang i Ryfylke.

Bedehuskulturen

Den religiøse kulturarven har stått på arbeidslista til museet lenge som eit viktig tema for Ryfylke. I samarbeid med styret for bedehuset ”Bethel” i Finnøy, og ved hjelp av omframme løyvingar, ser det ut til at vi nå kan komma i gang med innsamling av materiale om bedehuskulturen.

Servisenæringar med vekt på turisme

Det meste av heia i Rogaland ligg i Ryfylke. Ryfylkemuseet har eit særleg plikt til å dokumentere bruken av heia i fortid og nåtid. Dette er eit arbeidsområde som både omfattar utmarks-næring og turisme.



I samarbeid med Stavanger Turistforening arbeider vi med førebuing av ei utstilling i den nye Preikestolen Fjellstove. Her vil reiselivet ha ein sentral plass. Utstillinga skal opne i 2008. Det er også meininga å rehabilitere hovudhuset på Vatne-garden, som var utgangspunktet for turisttrafikken til Preikestolen.

Museet er elles invitert med i eit samarbeid om vern og formidling av kulturminne innafør forvaltingsområdet Setesdal Vesthei/Ryfylkeheiane, og har støtta arbeidet med finansiering av eit fellesprosjekt som eventuelt vil bli administrert frå Setesdalsmuseet.

Det kulturelle mangfaldet

I arbeidet med immigrasjonen har museet fokusert på oppbrotet, reisa og etableringa i eksil, mottakinga i Norge som vertsland, og skikkar, veremåtar og religionar som dei nye ryfylkingane har med seg. Museet har også brukt ein del ressursar på å ta museet i bruk som møtestad og dialoginstitusjon.

Måla med dette har vore todelt: Dels å dokumentere dei kulturelle prosessane som følgjer av innvandringa, dels å inkludere migrantane i bygdesamfunnet. Ein sideeffekt har vore målbering av synspunkt på innvandringspolitikken og mottaket av innvandrarak av ulike slag.

I 2007 var museet med og starta eit Nasjonalt nettverk for minoritetar og kulturelt mangfald (Mangfaldsnettverket). Engasjementet vårt på dette området vil bli koordinert med dei arbeidsoppgåvene som nettverket vil ta opp. Nettverket har store ambisjonar i forhold til å svare på utfordringa frå Mangfaldsåret.

Ei viktig side ved vårt engasjement har vore at vi har kjent eit særleg ansvar for å ta opp problemstillingar knytt til innvandring i bygdene. Denne sida ved verksemda trur vi det er viktig å legge vekt på også vidare. Noe avhengig av kva Mangfaldsnettverket vel å ta fatt i, er vi innstilte på å utvikle våre egne prosjekt knytt til innvandring i Ryfylke.

Ei problemstilling er å følgje vidare prosessen med **inkludering i bygdesamfunnet**, slik at vi får eit langtidsperspektiv på

problemstillinga. Det vi har gjort så langt handlar om den tidlege fasen av innvandringa, både sett frå perspektivet til dei som har kome, og sett frå bygdesamfunnet si side.

Vi har dessutan sett at det byr på særlege utfordringar å inkludere **ungdommen** i bygdesamfunnet. Ei nærmare gransking av korleis innvandrarungdom fell inn i det norske samfunnet ville også kunne gi materiale til forståing av korleis ungdommen i det heile fungerer i bygda.

Fokus har så langt vore på innvandarane, dei nye ryfylkingane, og i mindre grad på dei som bur her frå før. Utvikling av ein samfunnsmodell med kulturelt mangfald vil krevje at også majoritetssamfunnet er villig til å tilpasse seg den nye situasjonen. Innsamling av materiale om kulturelle prosessar som følgje av innvandring bør såleis også omfatte forsøk på dokumentasjon av handlingar, holdningar og verdiar i majoritetsbefolkninga.

Kystkultur og fjordafart

Mye ligg til rette for at Ryfylkemuseet kan vera eit fjordmuseum. Overtakinga og restaureringa av jekta ”Brødrene af Sand” var ein viktig start på arbeidet med å dokumentere og formidle ei viktig side ved fjordkulturen. Det er behov for ytterlegare innsamling av materiale om **fjordfarten og skipsbygginga** i Ryfylke. Arbeidet med fjordfarten bør også omfatte den moderne fjordfarten og overgangen frå fjorden som kommunikasjonsåre til alternative fjordkryssingar.

Museet er førespurt om eit engasjement i arbeidet med å verne mjølkerutebåten ”Kløver” frå Erfjord, og har gitt råd om arbeidet med dette, men kan neppe ta på seg noe tyngre ansvar for nye, flytande fartøy utan tilførsel av nye ressursar.

Strandstadene har vore viktige sentra i fjordane og utviklinga av strandstadene som arbeids-, bustad- og servicesentra vil truleg vera viktige for busettinga i distriktet framover. Museet bør søke å dokumentere utviklinga av strandstadene og delta i debatten om denne.

Ryfylkemuseet deltar i arbeidet med å bygge opp eit **hummar og fiskerimuseum** på Kvitsøy. Det er behov for å følgje opp dette med verneprojekt i kulturlandskapet.

Senter for barnekultur og –litteratur

Ryfylkemuseet er medlem av Stiftinga Rasmus Lølandmarkeringa. Eit av hovudmåla til denne markeringa er å etablere eit senter for barnekultur og –litteratur. Og det er tanken at dette

skal skje i samarbeid med, eller som ein del av Ryfylkemuseet. Museet har gått inn i eit samarbeid med stiftinga om planlegging og muleg realisering av eit slikt senter. Målet er å ha senteret ferdig til feiringa av at det i 2011 er 150 år sidan Rasmus Løland blei født.

Resultatmål 2008-2011

Generelt vil det vera slik at museet i avgrensa grad har høve til å bygge opp store gjenstandssamlingar. Vi har ikkje ledig magasinplass til nye gjenstandssamlingar, og vi har heller ikkje ressursar til tilfredsstillande handtering av nytt materiale. Dei ressursane vi har må dei nærmaste åra gå med til å få oversikt og orden og til å ta vare på dei samlingane som alt hører til museet, eller som vi på annan måte har ansvaret for.

Dette betyr at museet i stor grad, og i større grad enn tidlegare, må vera restriktivt og avvisande til å innlemme tilfeldige gåver i samlingane.

Det same gjeld for bygningar og fartøy. Museet kan ikkje ta på seg ansvar for nye bygningar utan at finansiering av drift og vedlikehald er sikra.

Unntaka frå denne generelle holdninga kan vera knytt til supplement av eksisterande samlingar, t.d. supplement og utfylling av inventar, reiskap og utstyr i miljøavdelingane.

Den overordna retningslinja for innsamling av alt slags materiale vil vera knytt til målretta dokumentasjons- og forskingsprosjekt og til formidlingstiltak.

Det bør også vera slik at innsamlingsarbeidet i større grad er knytt til den immaterielle kulturarven. Det vil seia at aktuelt materiale i større grad er munnleg tradisjon og handlingsboren kunnskap. For utfyllande dokumentasjon vil det vera nødvendig med stor vekt på avbildingar (teikningar, foto og film), lydopptak og nedteikningar og innsamling av skriftlege dokument. Sentrale spørsmål kan vera:

- Kva manglar vi i forhold til dei oppgåvene vi er tillagt etter oversyna lenger framme i dette dokumentet?
- Korleis kan materialet komma til nytte, på stutt og lang sikt?
- Er materialet unikt (finst det frå før, på museet eller andre stader)?
- Har materialet stor verdi?
- Har vi lagerplass?

Spørsmåla om vurdering av verdi har mange sider, t.d.:

- Aldersverdi
- Autentisitet
- Sjeldan
- Representativitet

- Kontekst
- Sosial og økonomisk forankring
- Bruksverdi
- Pedagogisk verdi
- Symbolverdi

Innsamlingsarbeidet ved Ryfylkemuseet må legge slike kriterium til grunn for utval av materiale innafor dei prioriterte innsamlingsområda.

Mål for innsamlingsarbeidet

Ei hovudsatsing innafor det arbeidsområdet vi har kalla bygdeutvikling vil dei nærmaste åra vera oppgradering av bevaringstilstanden og publikumstilbodet i **Viga** i Hjelmeland. Her kan det vera behov for supplerande innsamling av frukttre og bærbuskar, men det er i større grad behov for innsamling av reiskap og kunnskap om bruken av reiskap som har vore nytta i produksjonen av frukt og bær. Innsamlinga må koordinerast med muleg bruk av eksisterande materiale i bygdesamlinga.

Parallelt med dette arbeidet er det behov for vidareføring av forsøka på samtidsdokumentasjon av levemåten på gardsbruk i Ryfylke. Det er behov for intervju med utøvarar og personale som har landbruket som arbeidsplass på annan måte og innsamling av dokument som belyser utviklinga i næringa.

Bygdebokarbeidet held dei nærmaste åra fram med innsamling av materiale om gardar og folk i Jelsa. Manuskriptet til gards- og ættesogene for Jelsa skal vera ferdig i 2011. Etter det er føresetnaden at vi skal ta til med innsamling av materiale om gardar og folk i gamle Suldal kommune. Det kan vera grunn til å peike på at arbeidet med bygdebøkene for Suldal kommune (Sand, Erfjord og Jelsa) også legg vekt på historia til folk og hus i strandstadene og til dei som har hatt levemåten knytt til sjøretta næringar.

I tillegg til arbeidet med gards- og ættesogene ser det ut til å vera gode utvegar til å få gjennomført ei gransking av Suldal kommunen i perioden 1964-2014 med vekt på Suldal kommune som kraftkommune.

Ryfylkemuseet har tatt mål av seg til å dokumentere **den religiøse kulturarven**. Eit første steg mot dette var gjennomføring av dokumentasjonsprosjektet "Islam i bedehusland". Med bakgrunn i eit lokalt initiativ i Finnøy kan det sjå ut til at vi ved inngangen til 2008 er i ferd med å få på plass finansiering av eit prosjekt knytt til bedehuskulturen.

Ryfylkemuseet er eit stort **bygningmuseum**. Som følgje av

arbeidet med prosjektet ”Kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging i bygningsvernet” vil det bli lagt stor vekt på dokumentasjon av pågåande arbeid, etterdokumentasjon og oppbygging av eit bygningshistorisk arkiv. Dette arbeidet omfattar innsamling både gjennom eigenproduksjon av kjelder til kunnskap om bygningane og innsamling av eksterne kjelder.

I Sauda er det eit engasjement for å sikre vern av **Søndenåhavn kraftstasjon** (Stasjon 3) og ta han i bruk for kulturformål. Dette er ei stor og krevjande oppgåve, og det er vanskeleg å vita kva drifts- og vedlikehaldskostnadar bygget vil ha etter at det er tatt ut av kraftproduksjonen. Det vil truleg koma ei avklaring i 2008 om det er aktuelt å arbeide vidare med saka.

Ryfylkemuseet har, same korleis det går med Stasjon 3, eit behov for å styrke kunnskapane om industrisamfunnet. Eit lokalt initiativ for å vera med på skrive historia til Sauda Klubb, kan vera eit element i eit slikt arbeid. Det kan vera bra om noe av interessa for industrisamfunnet også blir retta mot funksjonæra- ne. Eit innsamlingsarbeid knytt til Sauda Klubb kunne omfatte eit noe breiare feltarbeid knytt til industristaden, og kanskje særleg Åbø-byen som er eit kjerneområde i arbeidet til Ryfylkemuseet i Sauda. Det er og lokal utvikling i Strand, som kanskje kan peike fram mot eit sterkare engasjement der.

Mangfaldsåret 2008 pålegg museet eit særleg engasjement. Det er utarbeidd søknad om utviklingsmidlar frå ABM-utvikling til eit nytt prosjekt innafor dette arbeidsområdet 2008-2009. Skulle vi ikkje lukkast med å få eksterne midlar vil vi søke å gjennomføre enklare tiltak for å følgje opp det engasjementet vi har hatt tidlegare.

I tilknytning til drifta av ”Brødrene af Sand” er det behov for innsamling og systematisering av meir kunnskap om **fjordfar- ten** og den økonomiske geografien i fjordane. Museet vil røkje etter om det er muleg å få til eit innsamlingsarbeid i lag med Venneforeninga for jekta om dette.

Forsking

Vi definerer forsking som produksjon av ny kunnskap gjennom granskingar som bygger på klart definerte og formulerte problemstillingar.

Dei prioriterte forskingsoppgåvene er alle knytt til innsamlingsarbeid som er omtala ovanfor. Desse er:

- Viga – frukt-, gards- og bygdehistorie
- Gardar og folk – gamle Jelsa kommune (bygdebok-

- prosjektet)
- Suldal kommune 1964-2014
 - Den handlingsborne kunnskapen i bygningshandver-
ka
 - Industristaden
 - Kulturelt mangfald
 - Springar og halling i Suldal

Det er formulert som ei utfordring for musea å drive forskning knytt til eksisterande samlingar. Ryfylkemuseet gjer det i noen grad når vi knyter kunnskapsproduksjonen til oppgradering av eksisterande avdelingar, men vi ser at det kan vera behov for meir systematisk bearbeiding av eksisterande materiale for å få fram ny kunnskap.

Implementering i handlingsprogram

Plan for innsamling og forskning er grunnlag for arbeidet med handlingsprogrammet til museet. Dette blir rullert kvart år.

Kjelder

I arbeidet med denne planen har vi hatt nytte av følgjande kjelder:

St.meld. nr 48 (2002-2003) – *Kulturpolitikk fram mot 2014*

St.meld. nr. 17 (2005-2006) – *2008 som markeringsår for kulturelt mangfold*

St.prp. nr. 1 (2006-2007) – *Statsbudsjettet 2007 – Kultur- og kyrkjedepartementet*

Tønnesen, Harald: *Petroleumsvirksomhetens materielle kulturarv. Gjenstandsfilosofi og lagersituasjon ved Norsk Oljemuseum*. I årbok for Norsk Oljemuseum 2003.